# FRENDE JAKOB VIKEN

Tekst: FREDDIE LANGRIND
Folketone "Fanteguten"




:/: Hiv og skyv og hal og dra! :/:

Frende Jakob Viken strakk seg ut en kjøl
og bad dei byggje, lauskar og døl,
skipet for ei seng og vinterens mjøl.
Og det var Jakob Viken - på kjøl!

:/: Hiv og skyv og hal og dra! :/:

Frende Jakob Viken speida over hav
og drøymde meir om gull enn om grav,
ingen var som honom vørdeleg brav.
Og det var Jakob Viken - mot hav!

:/: Hiv og skyv og hal og dra! :/:

Frende Jakob Viken sette seg ein duk
som vinden tok i drivande bruk,
når den svære flata falda seg ut.
Og det var Jakob Viken - Spenn duk!

:/: Hiv og skyv og hal og dra! :/:

Frende Jakob Viken, ferdamann i aust,
la ut frå heimestrender og naust,
lova sine karar, særsynt og raust.
Og det var Jakob Viken - i aust!

:/: Hiv og skyv og hal og dra! :/:

Frende Jakob Viken, ferdamann i vest,
han tukta både konge og prest,
tok seg fram til gards som uboden gjest.
Og det var Jakob Viken - i vest!

:/: Hiv og skyv og hal og dra! :/:

Frende Jakob Viken, ferdamann i sør,
reiv ned dei vrange gjerde og slør,
fylte opp sitt skip med kosteleg bør.
Og det var Jakob Viken - i sør!

:/: Hiv og skyv og hal og dra! :/:

Frende Jakob Viken, ferdamann i nord,
fekk saligplass i fedrenejord,
kjemper sine slag med Odin og Tor.
Og det var Jakob Viken - i nord!

© FREDDIE LANGRIND | www.visemakeriet.no